

Dei nynorske mediedagane

1.-3. oktober 2009



medi

Program

Velkomen til Dei nynorske mediedagane

Det er ei glede for Mediemållaget nok ein gong å ønskje velkomen til Dei nynorske mediedagane i Litteraturhuset i Oslo.

Føremålet er å skapa ein møteplass for å fremja og utvikla den nynorske mediekulturen. Mange verksemdar og organisasjonar frå medieverda og nynorskmiljøet er samarbeidspartnarar og bidragsytarar. Vi i Mediemållaget er svært glade for det gode samarbeidet med desse.

Dei nynorske mediedagane er opne for alle interesserte. Mediemållaget ønskjer deg hjarteleg velkommen seminar, kurs, faglege ordskifte, jubileum, prisutdeling og fest!

Torsdag 1. oktober

10.00–16.00 i Kverneland

Nynorsk kurs for journalistar og kommunikatørar

Førelasar: Asgeir Olden, Institutt for journalistikk

Pris: kr 400,-.

Påmelding til mediemaallaget@nynorsk.no seinast dagen før.

Arr.: Mediemållaget og Institutt for journalistikk

17.00–18.30 i Kverneland

Bladet Fedraheimen. Anarkisme på norsk

Fedraheimen (1877–1891). Har nynorskpressa nokon gong vore meir radikal?

Ved Ole Dalhaug, Arnhild Skre m.fl.

Arr.: Norsk Pressehistorisk Forening

19.00 i Kafé Oslo

Nynorsk bar med Bokdykks quiz

Quizmeister: Anne Gaathaug.

Meld på lag med inntil fem personar.

Påmelding til mediemaallaget@nynorsk.no seinast dagen før.

Arr.: Bokdykk



Fredag 2.oktober

10.00–17.00 i Kverneland

Essaykurs

Lær å skrive meir personleg, utfordrande, utforskande og betre. Om essayistikkens historie, særpreg og mulegheiter. Blant føredragshaldarar er det både forfattarar og akademikarar.

Kurset passar for journalistar, forfattarar, skribentar, akademikarar og andre som vil utvikle det skrivande uttrykket sitt.

Pris: kr. 800,-

Påmelding til: bente.riise@synogsegn.no

Arr.: Tidsskriftet Syn og Segn

11.00–12.30 i Amalie Skram

Nynorsk i media: frå erfaring til endring

Ope møte om Vinje-fondet som kjelde for meir nynorsk i media.

Programleiar: Magni Hjertenæs Flyum

Innleiingar av Ottar Grepstad m. fl.

Arr.: Mediemållaget og Ivar Aasen-tunet

14.00–18.00 i Amalie Skram

Nynorsk Pressekontor 40 år

Seminar: Utfordringar for språket og journalistikken når ein skriv for nettet.

Presentasjon av «NPK-språket» – ei ordbok som blir den framtidige høgrehanda til alle nynorskskrivande journalistar.

Arr.: Nynorsk Pressekontor

19.00 i Wergeland

Den nynorske mediefesten

Utdeling av Nynorsk redaktørpris for 2009

Gjester: Arne Hjeltnes, Erling Læg Reid m.fl.

Konsert: «Språkleg songfald» – Gabriel Fliflet med Sigrid Moldestad og Olav Tveitane.

Pris: kr 100,-

Arr.: Mediemållaget

Laurdag 3. oktober

11.00–16.00 i Kverneland

Medietorg

Møt fleire verksemdar frå media, forlag m.m.

12.00–16.00 i Amalie Skram

Seminar: «TV2 – framleis dialektkanal?»

Heilt sidan starten har TV2 markert seg ved å vera opne for å bruka dialektar i alle programtypar. I år går konsesjonen for allmennkringkasting ut, og TV2 har ikkje søkt om fornying. Korleis kjem språkprofilen til kanalen til å sjå ut i framtida når dei ikkje lenger er bundne av konsesjonsvilkåra om språkleg mangfald?

På seminaret set vi søkjelys på TV2-språket, både i fortida og framtida. Vi har invitert TV2 til å svara på kva språkprofil dei planlegg, og kva vilkår som må til for å vidareføra dialektmangfaldet.

Arr.: Kringkastingsringen

12.00–15.00 i Sjeherasad

Høgtlesing for dei yngste og konkurransar med nynorske barnebokpremiar.

Arr.: Blåmann Barnebokklubb

framleis dialektkanal?



Mediemållaget vart skipa i 1977. Vi er eitt av yrkesmållaga i Noregs Mållag. Mediemållaget er laget for deg som arbeider innanfor media, kommunikasjon, reklame, film og forlag, og som er glad i nynorsk.

Samarbeidspartnarar og støttespelarar



NORSK PRESSEHISTORISK FORENING



DAG OG TID



Det Norske Samlaget

nynorsk kultursentrum



SYN OG SEGN

Riksfondet for nynorsk presse
Fylkemållaget Vikværingen
Oslo Mållag



MÅLLAGET
i Kristiansand



mediemållaget

Bli med i Mediemållaget du òg!

«Eg er med fordi Mediemållaget arbeider for mine interesser som profesjonelt skrivande og snakkande nynorsbrukar.»

Audhild Gregoriusdotter Rotevatn



«Eg er med fordi Mediemållaget kjempar for at nynorsken skal få større innpass i media.»

Kjetil Haanes



Du finn oss på
www.mediedagane.no
Twitter: @Mediemallaget
Facebook: Mediemållaget

Kontakt oss:
mediemaallaget@nynorsk.no
Berit Rekve, leiar
Dyretråkket 29
1251 Oslo